



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for mars 2012.

Distrikt 2305
Klubbnr. 12713

Årgang 47



Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
President: IL, 6060 Hareid.
Visepres: Magnar Hatløy
Sekretær: Jarle Kristiansen
Kasserar: Arne G. Aschehoug
Past pres: Johs. J. Hareide
Styremedlem: Vigdis Riise
Styremedlem: Karin S. Holstad
Ansv.red.: Øystein Alme
Referent: Aage Nytun
Referent: Johan Ole Brandal

Fødselsdagar i mars:

Jarle Klungsøyr 26. mars

VÅRDIKT

Det glittrer av sol i den bratte grend,

det dufter av mark og enge.

Hvor skulle vel våren ellers hen?

Vi venter jo på den så lenge.

Jeg elsker den vår som du knapt kan se,

en blomst som sprang ut i den kolde sne!

Arnulf Øverland

Måndag, 5. mars var Hareid Rotary på besøk i den flotte Exposenteret hos Ulstein Verft i Ulsteinvik. President Magnar Hatløy yngste velkomen og takka for at vi fekk kome. Ordet blei så gitt til Veronika Pilskog, som var omvisar og historieforteljar. Omvisninga starta med ein kort film om Ulstein Verft AS og Ulstein Design & Solutions AS. Etter dette gjekk turen til Expo museum, som innehelt litt av det gamle museet og historia heilt fram til vår tid. Veronika Pilskog gjekk igjennom milepælene i historia til verftet frå starten i 1917 og fram til x-bowen.

Til slutt fekk vi servert kaffi og kaker i kantina, der praten gjekk livlig rundt borda. Alle var samde om at det nye Expobygget var eit glimrande lokale, som på ein flott måte tok vare på historia, samstundes som det peike mot ei ny tid.

Presidenten takka Veronika Pilskog for den informative og flotte omvisninga, og yngste vel heim.

Måndag 12. mars fekk vi vere med globetrotterane Karin og Ingar Holstad på reise til Peru, i tidsrommet 09.12.11 til 01.01.12. Karin fortalte at for dei som er interesserte i historie og folkeliv er der mykje å sjå og oppleve i Peru. Reiseguide frå Lonely Planet er god støtte på slike reiser, der ein gjerne vandar på stiar som ikkje nødvendigvis går i turistløypa.

Peru er eit rikt land frå naturen si side, men dessverre kjem dette i liten grad befolkninga til gode. Folk flest er fattige. Levealderen i Peru er 72- og 68 år. Landet har ei spennande historie, frå Inkakulturane via Spansk herredøme og til sjølvstende frå 1821. Republikken har i dag demokratisk valt president, og relativt lyse utsikter til fred og framgang.

Landet byr på vakker og storslått natur, fint og variert klima, lave prisar, vennlig folkeslag, og store opplevelingar.

Karin og Ingar reiste først til hovudstaden Lima, som er ei storby på alle måtar. Byen ligg ved stillehavet mot vest og ørken mot aust. Her lever nesten 1/3 av befolkninga i landet. Byen og Inkamarkedet spesielt, gjorde strekt inntrykk på gjestane frå Hareid.

Plassering i tropane, med hav på eine sida og ørken på andre sida gjer klimaet spesielt. Fuktig luft, men ikkje veldig varmt eller kaldt.

Frå Lima gjekk ferda vidare til Cusco, som var hovudstad og det kulturelle / religiøse senter i fantastiske Inkariket, som gjekk til grunne då landet blei herteke av Spania i 1932. Cusco har i dag mykje turisme takka vere den rike historia, som byen og omlandet har. Sør-Amerikas mest besøkte turistmål Machu Picchu, ligg ved Cusco. Byen ligg ca 3400 moh og har rundt 300.000 innbyggjarar. Saman med Machu Picchu var byen det første Peruanske kulturminnet som blei sett på UNESCO si verdsarvliste, allereie i 1983.



Machu Picchu som tyder det gamle fjellet, er Inkaane sin tapte by. Hit rømde dei siste frie Inka-indianerane frå dei Spanske conquistadorane i 1532. Spanjolane fann dei aldri. Byen blei gjenoppdagd i 1911, og ruinane er veldig godt bevarerte og rekna som det fremst symbolet på Inkakulturen.

Skal ein kome til Machu Picchu må ein bruke beina, noko Karin og Ingar gjorde. Turen er rekna som krevjande, pga den tynne lufta og det tøffe landskapet. Turen gjekk over fleire dagar, med reiseleiar og sherpa. Slitet med å kome opp vart fort gløynt då dei var oppe. Opplevinga av å ha greidd turen, samstundes med den fantastiske opplevinga av by-ruinane var overveldande.

Herfrå gjekk turen til landsbyen Pisac i Urubambadalen, som er spesielt kjent for sin fantastiske marknad, kvar søndag morgen.

Etter mange strabasar gjekk turen til Titicacasjøen og øyane der. Sjøen er i realiteten eit gigantisk fjellvatn (3812 moh) med 41 øyar, der det bur folk på fleire av dei. Sjøen har eit areal på godt og vel 8000 km², 19 mil lang, 8 mil brei og største djupne er over 280 meter. Øybearane lever livet på gammalt, tradisjonell vis. Hus og båtar blir laga av siv, og det var her Thor Heyerdahl fekk mange av ideane til bygging av sivbåtar og flåtar. Dei som bur her lever eit enkelt liv, med knappheit på det meste. Likevel kviler det ei ro over folk og landskap som er fråverande i vår del av verda.



Fiske på Titikakasjøen

Som avslutning på turen fall valet på Paracas ved Stillehavet. Her runda gjestane av med litt luksus og badeliv, før dei vende kursen heimover til Hareid, der det nye året hadde teke til, og vinteren var i full gang.



Klipper ved Paracas



Her ser vi Karin i møtelokalet med handarbeid frå Peru, som for referenten sitt utrena auge ser ut til å vere prima vare.

Vi takkar Karin for eit svært interessant reisebrev.

Måndag 19.03 var det eigne medlemmar som stod for programmet. Otto, Ingar og Hallgeir fortalte om nye byggforskrifter Bygg - VVS - El.

Otto som er knytt til rørleggarbransjen, fortalte at sidan han starta firmaet i 1966 har det vore ei rivande utvikling. Rørleggararbeidet i det første huset han hadde ansvaret for kosta kr 3500, komplett. I 1967 vann firmaet kontrakt for røropplegg i Hareid Rådhus. Prisen var 450.000

I dag er det krav om at 40-60 % av energiforbruket skal kome frå fornybar energi. Det er strenge reglar for korleis tetting og membran i våtrom skal ivaretakast, og rørleggaren har ansvar for alt utstyr som brukar vatn.

Nokre kundar kjøper VVS utstyr på tilbod forskjellige plassar, som dei vil ha rørleggaren til å montere og ta ansvaret for. Dette kan føre til vanskar i samarbeidet mellom oppdragsgivar og leverandør. Rør i rør var tenkt som ei forbeting, men så langt har det vore meir til skade enn gagn.

Neste mann på talarstolen var Ingar. Han byrja med at det er godt og vel eit år sidan deira firma blei oppkjøpt av Hareid Elektriske. Hareid Elektriske har sidan dette samla landaktiviteten i HG elektro (Hareid Group Elektro) Her er det samla mange flinke folk og arbeidsmiljøet er godt. Dokumentasjon og papirarbeid har blitt veldig krevjande og omfattande. Dette ser ut til å vere viktigare enn korleis den praktiske utføringa blir gjort, seier Ingar. Tidligare var det ikkje lov å trekke leidningane gjennom røra, før alt snikkararbeid var ferdig. No legg dei rør og leidning samstundes.

Men mange ting har også blitt mykje betre. Sikringsskap og sikringar er gode døme på dette. Led lys er eit anna godt døme.

I dag utfører elektrobransjen også tenester som Termofotografering, El-kontroll osv.

Ingar peika også på fordelen av å høyre til i eit større fellesskap, noko som aukar kompetansen og gjer det lettare å henge med i forhold til nye krav og reglar.

Som avslutning på temaet Nye Forskrifter Bygg – VVS – El tok Hallgeir over og fortalte om bygging av hus, og korleis det har endra seg dei siste åra.

Krava til isolasjon, tetting, radonsperre etc. set endå større krav til nøyaktigkeit og framgangsmåte i samband med bygging av hus. Det er i dag krav om at 85% av tilført energi til oppvarming, skal kunne gjenvinnast. Ei føresetnad for å få dette til er at ein nytter ballansert ventilasjon, som rensar lufta og sender den reit tilbake. For å auke komforten blir det ofte nytta vassboren varme, og varmen kjem gjerne frå moderne anlegg som jordvarmeanlegg eller andre typar varmepumper. Krava til dører og vindauge, samt etablering av eldstadar og andre miljøtiltak er blitt skjerpa og forbetra for å auke tryggleiken og komforten. Kostnadane ved å bygge husvære går sjølvsagt også opp.

Tilsynet med bygging av hus er oftest teke vare på gjennom eigenkontroll, noko som oftest fungerer tilfredsstillande. Likevel les vi stundom om tvistar mellom huseigar og husbyggar, der det er usemjø kvaliteten på byggearbeidet etc.

For å kunne ta i bruk eit nytt husvære må ein ha brukstillating. Denne tillatinga er det kommunen som skriv ut, og huseigar har krav på handsaming innan maks 3 veker. Dersom det foreligg søknad om dispensasjon, har huseigar krav på svar innan 12 veker.

Vi takkar Otto, Ingar og Hallgeir for god og svært aktuell informasjon, som vi sette stor pris på.

Måndag 26. var det programfritt møte. Då var det noko å bite i saman med kaffien. Praten gjekk lysting rundt borda, noko som igjen viser at det månadlige programfrie møtet har sin klare misjon.